

MØTEREFERAT

FRÅ STYREMØTE I REGIONRÅD VEST

7. JUNI 2010, KL 0900 - 12.00

BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN SINE LOKALER
NØSTEGATEN 30

TIL STADES:

Ordfører Knut Hanselmann
Ordfører Lars Lie
Varaordfører Harald Nordstrand
Ordfører Olav Martin Vik

Rådmann Steinar Nesse
Rådmann Gerhard Inge Storebø
Rådmann Torgeir Sæter
Informasjonsrådgjevar Vigeik Brekke
Sekretær Per Hillestad

Styreleiar Olav Martin Vik leia møtet.

SAK 21/10 INNKALLING/SAKSLISTE

Vedtak: Innkalling/saksliste godkjent.

SAK 22/10 REFERAT FRÅ FORRIGE MØTE

Vedtak: Referat frå møte 22. mars 2010 godkjent.

SAK 23/10 UBÅT FEDJE - UTTALE

Vedtak: Regionrådet ynskjer båten opp og kvikksylvet fjerna. Regionrådet føreheldt seg til den sentrale prosess og avventar den vidare framdrifta.

SAK 24/10 ORGANISERING HAMN/FRAMTIDIG NY HAMN MV

Vedtak:

Avventar handsaming i den einskilde kommune vedkomande skriv frå CCB m.fl. dagsett 15. april 2010. Dersom saka vert meir aktuell vert det å ha nærare kontakt med CCB.

Regionråd Vest ser føre seg ein gjennomgang vedkomande økonomi og tek skrivet frå Lindås kommune dagsett 12. mai 2010 på vegne av kommunane Lindås, Øygarden og Fjell til orientering.

Regionråd Vest avventar kva gjeld framtidig organisering av hamnesamarbeidet..

SAK 25/10 TILSYN BARNEHAGAR

Vedtak: Utarbeidd interkommunal plan for tilsyn av barnehager vert godkjent og lagt til grunn for tilsynsfunksjonen for barnehagane i regionen.

SAK 26 FELLES STRATEGISK NÆRINGSPLAN

Vedtak: Styret i Regionråd Vest sluttar seg til den utarbeidde strategiske næringsplan for Bergensregionen 2010 – 2014 med perspektiv mot 2025 med føreliggjande visjon, hovedmål og strategiar.

Styret i Regionråd Vest ser fram til å utvikla ytterlegare næringssamarbeid i regionen.

SAK 27 ARBEIDSPLAN HAUSTEN 2010 - DRØFTING/MØTEDATOAR/POLITISKE SIGNAL

Vedtak: Det vert møte i styret 30. august og 15. november 2010. Dato for seminar vert å koma attende til.

SAK 28/10 LOGO

Vedtak: Logoalternativet med bru vert vald. Ring rundt vert grøn, medan sjø under brua vert blå. Brua vert svart. Tekst utanfor/innanfor ring vert tilpassa føremål/høve.

SAK 29/10 STATUS MV

- Sotrasambandet. Styret drøfta status, særleg utfordringar etter Bergen kommune sitt vedtak om utviding av planområdet, der framdrift og tid vert svært vesentleg. Det er ikkje gjort vedtak kva gjeld finansiering.
- Sambandet Vest A/S. Vert konstituerande møte 10. juni. Aksjekapital frå Fjell, Sund og Øygarden vert å avklara. Rett kjønnsfordeling i styret krev endring.
- Pågåande prosjekt, oppstart/finansiering/evaluering. Det vart gjeve ei orientering kring status av vedtekte prosjekt.
- Regionrådet Bergensregionen/Bergensalliansen. Regionrådet Bergensregionen vart formelt oppløyst i rådsmøte 28. mai. Bergensalliansen er under førebuing og oppstart.
- Kapasitet sekretariat. Rådgjevar Dag Thorvaldsen, Askøy kommune er engasjert i sekretariat i inntil 50% stilling.
- Heimesider. Informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke orienterte om status utarbeiding av heimesider for Regionråd Vest.. Det var ikkje merknader til framlagd skisse.

Per Hillestad (sign)